

Superyacht gjennom Storsund

06.09.2010



Le Grand Blue i Storsund

Det kjem mykje fin tonnasje gjennom Storsund i ein sesong og eit nytt desidert høgdepunkt vart nådd i føremiddag då den 114 meter lange yachten Le Grand Blue kom denne vegen.

Etter ein stutt stopp i Rosendal gjekk ferda vidare innover fjorden med ukjent mål. Yachten er av dei største privateigde i verda.

Eigar av den flotte båten er den russiske oljemagnaten Eugene Shvidler.

Skipet vart bygd i Bremen i Tyskland i 2000 for ein amerikansk forretningsmann, John McCaw junior, som 2 år seinare selde det til eigaren av

fotballklubben Chealsea Roman Abramovich. Han gjennomførte ein ombyggjing som mellom anna omfatta installasjon av symjebasseng på 16 fot.

Det året var yachten også innom Rosendal. For 2 år sidan gav Abramovich båten til den noverande eigar, visstnok som gav for hjelpe han fekk i samband med kjøpet av Chelsea, skriv Kvinnheringen. I år har Le Grand Bleu vore ofte å sjå i Nassau, Bahamas.

Yachten har gjennomgått ein ny 'grønn' renovering som mellom anna inneber oppattbruk av vatnet som er nytta. Skipet har 2 Wärtsilä-motorer på 3.600 hestekrefter.

Av Ola Matti Mathisen